



# **GEIT I VEKST 2007 - 2009**

TREÅRIG PROSJEKT  
FOR  
HORDALAND  
SOGN OG FJORDANE  
MØRE OG ROMSDAL

**ÅRSRAPPORT 2007**



## **Samandrag:**

Prosjekt "Geit i Vekst" er eit treårig prosjekt særskilt retta inn mot geitehaldet i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Bakgrunnen for at prosjektet kom i gang er ei mangeårig negativ utvikling i regionen ved at mange har slutta med geitehald.

Prosjektet skal drive rådgjeving innafor eit vidt felt og i tillegg vere motiverande og løysingsorientert.

Prosjektleiar deltek i Tine sitt Rådgjevarløft som m.a. har som mål å utvikle Tinerådgjevarane til å bli betre på å avdekke bonden sitt totale rådgjevingsbehov, og i tillegg hjelpe bonden med å treffe dei rette val for seg og sin familie.

Prosjektet er vidtfemnande og har følgjande definerte hovudarbeidsområde:

Mjølkeproduksjon

Kjøttproduksjon

Sjukdomssanering

Landskapspleie

I tillegg har prosjektet blitt involvert i mykje anna som skjer innafor næringa og m.a. inngått samarbeid med andre prosjekt.

Prosjektleiar har stort sett hatt spennande arbeidsdagar med mange interessante ting å jobbe med. Arbeidsdagen har vore prega av at det stadig dukkar opp gjeremål som må takast tak i med ein gong. Dette er positivt då det syner at geitehaldarane nyttar seg av prosjektet for å få hjelp til mangt, men kan og vere ei utfordring då det til tider kan vere vanskeleg å få arbeidt systematisk.

## **Mjølkeproduksjonen:**

Mjølkeproduksjonen er hovudinntektskjelda i geitenæringa. Sidan byrjinga av åttitalet har det vore lite og inkje investeringar i driftsbygningar for geit.

Det syner seg at det no er aukande interessa for å gjere investeringar som medfører betre miljø for geitene og ein betre arbeidsplass for røktar.

Prosjektleiar har vore involvert i fleire saker som går på omfattande ombygging og nokre få saker som går på å bygge heilt ny fjøs.

Det er avgjerande viktig at bonden får gode råd i silke samanhengar då det er snakk om å investere store beløp.

Prosjektet Noras Hus i Troms har jobba ein god del med å utvikle nye og framtidsretta bygningar for geit og var difor naturleg å kontakte.

Prosjektleiar har vore på ein todagars tur til Troms for å bli oppdatert på det nyaste innafor geitefjøs. Dette var ein svært nyttig tur som har medverka til at prosjektleiar etter kvart meiner å kunne gje gode råd i samband med ombygging eller nybygg.

Elles så har det vore nokre saker der ein har sett på mulegheita for å gå saman i samdrift. Fram til no er det etablert få samdrifter innanfor geitehaldet men interessa for slike løysingar framfor at drifta blir lagt ned synest aukande.

Det har og vore nokre saker der det har vore ynskje om å få i produksjon sokalla "sovande" kvote. Dette er ei type saker der regelverket er svært detaljert og set difor sterke avgrensingar for kva som er muleg å få til. Ei sak som har vore jobba ein god del med handlar om å legge om frå ku-til geitemjølkeproduksjon, der inngår og ei omfattande ombygging av driftsbygningen.

### **Kjøttproduksjon:**

Kjøttproduksjon på kje har vore arbeidt med i lange tider. Utfordringane har først og fremst vore å få Nortura (Gilde) til å satse skikkeleg på denne produksjonen. Nokre få produsentar i Nortura Vest sitt område har fått levere kje på kontrakt til ein betydeleg betre pris enn det som er blitt levert utanom kontrakt.

Prosjektet "Geit i Vekst" har i samarbeid med Nortura Vest gjennomført ein slakteridag i Førde for geitehaldarane i Sunnfjord og Nordfjord. Geitehaldarane i Sogn hadde nett vore gjennom eit liknande opplegg.

Slakteridagen var lagt opp med kvalitetsvurdering av kje, og orientering om kva Nortura (Gilde) tenke om kjekjøtt dei nærmaste åra.

I tillegg gjekk prosjektleiar gjennom økonomiske utrekningar ved oppal av kje ved bruk av mjølkeerstatning og ved bruk av geitemjølke. Utrekningane syner klart at det er lite å tene på å fore kje med mjølkeerstatning.

Dersom ein nyttar geitemjølke til oppal vert økonomien mykje betre, føresett at kvota kan fyllast likevel.

Utrekningane tek utgangspunkt i prisane som Nortura betalar ved kontraktproduksjon.

Prosjektleiar har hatt samtaler med fagsjef småfe i Nortura Vest Asbjørn Alsaker om prisen på kjekjøtt og korleis få til eit likt tilbod til alle geitehaldarane. Det vil bli arbeidt vidare med desse spørsmåla.

### **Sjukdomssanering:**

Prosjekt "Friskare Geiter" starta i 2001 og har som måsetjing at geitehaldet skal bli kvitt dei tre sjukdomane: byllesjuke, paratuberkulose og CAE. Prosjektet er no inne i ein ny fase kor dei mest positive og ihuga alt har gjennomført- eller meldt seg på for sanering.

For å få med resten krevst det eit meir aktivt arbeid ovanfor geitehaldarane.

Det er fleire grunnar til at det kan vere vanskeleg å få til sanering som t.d:

- Ser ikkje behov for sanering i eigen flokk

- Virkar svært arbeidskrevjande
- Kostnader
- Uavklara framtidssituasjon for bruket
- Fleire buskarar på same beite
- Generelt negativ instilling til sanering

Geit i Vekst har gjennomført fleire møter om sanering alt frå møte med einskildprodusent til møte med små og større grupper. Arbeidet ser ut til å gje gode resultat og prosjektleiar har motteke positive tilbakemeldingar frå "Friskare Geiter" på det som er gjort.

### **Landskapspleie:**

Interessa for å nytte kje og geiter til landskapspleie synest aukande. Geit i Vekst har takka ja til eit samarbeid med FMLA Sogn og Fjordane om å gje ut eit rettleiingshefte for landskapspleie med geit. Heftet skal kunne gje svar på mange spørsmål som vil dukke opp dersom ein ikkje har tidlegare erfaring med kje eller geiter og skal vere ferdig i løpet av april 2008. Elles har det m.a.vore samarbeid med prosjektet: "Frå Kratt til Kroner" på sunnmøre. Geit i Vekst har og vore med å skipa andelslaget "Pyntegeita" i Ørsta kommune der målet er å skape inntekter av landskapspleie med geit.

Prosjektleiar har ved fleire høve vore nytta som rådgjevar i spørsmål om landskapspleie med kje og geiter. Ein har i den samanheng vore å sett på aktuelle areal og gjeve råd om gjerding mm.

### **Fagmøte m.m:**

21. mars deltok prosjektleiar på møte i Bjerkreim kommune for geitehaldarane i Rogaland. Innleigd av FMLA Rogaland.

28. og 29. mars skipa Geit i Vekst til fagmøte i Bjørkheim og Skånøvik for geitehaldarane i Hordaland saman med prosjektet: Utvikling av økologisk geitehald.

30. mai var fagsjef Anders Huus frå Norges Bondelag på vitjing i fylket. Etter oppmoding frå Sogn og Fjordane Bondelag hadde prosjektleiaren ansvaret for å orientere om planane for Geitesenter på Kjøsnes. I tillegg var det gardsbesøk på Søgnesand for å orientere om økonomiske utfordringar i samband med fornying av driftsbygning på geitebruk.

14. august var Landbruks- og matministeren på vitjing. Prosjektleiar fekk i oppdrag av Sogn og Fjordane Bondelag å orientere om planane for Geitesenteret på Kjøsnes og om utfordringar innafor geitehaldet.

13. og 14. oktober skipa Geit i Vekst til fagmøte for geitehaldarane innafor prosjektområdet.

Frammøte var bra (ca 55) med unnatak for Hordaland. Prosjektleiar fekk gode tilbakemeldingar på programmet. 30. nov. og 1. desember skipa

Geit i Vekst til fagmøte med julebord i Øystese for Geitehaldarane i Hordaland med 19 frammøtte. Også der var det god omtale av programmet.

Prosjektleiari var innbeden for å orientere om prosjektet under Geitedagane i Svolve.

### **Kva skjer vidare:**

Det vil bli lagt opp til enno meir jobbing innafor sanering i form av både gardsbesøk og grendamøter. Det er tydeleg eit aukande behov for at nokon frå "utsida" tek tak i saneringsarbeidet og medverkar til å finne løysingar.

Mange geitehaldarar vil gjerne vite noko om kostnadane når ein diskuterar sanering med dei. Dette gjeld m.a. kostnader med nødvendige tiltak i fjøsen. I mangel på gode svar blir ein gjerne møtt med påstandar om at sanering er svært kostbart for bonden. Geit i Vekst samarbeider godt med Friskare Geiter og underteikna har teke opp spørsmålet om å setje igong arbeid med å skaffe fram slike tal. Dag Lindheim i Friskare Geiter har stilt midlar til rådvelde slik at underteikna har fått høve til å samarbeide med ein lokal byggmeister i arbeidet med å få fram aktuelle kostnadsmodellar.

I april 2008 var det gjennomført møte på tre stadar for geitehaldarane i Hordaland. Frammøte var brukbart og det kom fram synspunkt på mange ting som bør takast tak i. Fem geitehaldarar ynskte besøk av prosjektleiari for å sjå på løysingar i samband med planer om investeringar i driftsbygningen.

Arbeidet med bygningsplanlegging ser ut til å vere aukande, fleire av dei som vel å sanere gjer større eller mindre endringar i driftsbygningen i samband med saneringa.

Under møte med geitehaldarane der kje kjøtproduksjon har vore tema, har det kome fram ynskje om at den øvre vektgrensa blir heva til 12,0 kg. Vekta på kje som blir levert til Nortura, bør etter dagens ordning ligge mellom 3,5 – 7,0 kg. Kje som fell utanfor desse vektgrensene vil bli oppgjord med ei betydeleg dårlegare pris enn dei som er innafor. Geitehaldarane ynskjer at den øvre grensa blir heva slik at kje som t.d. har vore nytta til landskapspleie kan bli langt betre betalt enn i dag.

Geitehaldarane i Hordaland ynskjer at det også i år blir skipa til fagmøte med julebord for dei. Øystese er ein bra plass blir det sagt. I tillegg vil det bli eit fagmøte for geitehaldarane i heile prosjektområdet, møtet blir enten på Skei eller i Loen.

Ola Søgnesand  
-prosjektleiari-